

KOMMUNEVAL  
2015

Det naturlege valet  
i Tysvær kommune!

# PARTIET DEI KRISTNE



1. Arne A. Kallevik,  
frilansjournalist



2. Leif Holgersen,  
prosessoperatør

Partiet Dei Kristne vil bygge på dei grunnleggjande verdiane som i århundre har gjort landet vårt til eit trygt, stabilt og framgangsrikt samfunn. Og eit slikt samfunn, det vert bygd lokalt!



PARTIET DEI KRISTNE  
TYSVÆR

KOMMUNEVAL  
2015



# 11 GODE GRUNNAR

til at DU bør stemme på Partiet Dei Kristne Tysvær

## 1. VERDIKONSERVATIVT

I Tysvær-politikken vil Partiet Dei Kristne med liv og lyst gå inn i dei ymse saksområda. Det gjer me som eit klart borgarleg, verdikonservativt parti og vil samarbeide partipolitisk i samsvar med dette.

## 2. STOLTE AV VÅR KRISTNE KULTURARV

Styrande for Partiet Dei Kristne sitt engasjement er å ta vare på *vår tusenårige kristne kulturarv*, der Gud og hans ord har ein naturleg og sentral plass. Me vil ta omsyn til andre kulturarv, men samtidig kjempe for at vår eigen ikkje skal utvatnast eller utslettast. Innhaldet i skulen si undervisning og tilbodet i våre institusjonar er me difor svært opptekne av.

## 3. LOKAL STØTTE TIL KRLE-FAGET

Partiet Dei Kristne vil støtte skuleleiing og lærarar i gjennomføringa av KRLE-faget og eit naturleg samarbeid mellom skule/ barnehage og kyrkja, slik at barna blir kjende med Jesu Kristi liv og lære. Dette er demokrati i praksis av den enkle grunn at omlag 75% av tysværbuen er medlemmer i Den Norske Kyrkja. I tillegg

kjem kristne frå andre trussamfunn.

## 4. MILJØ

Klassisk kristen forståing legger til grunn at jorda er skapt av Gud og at mennesket gjennom Bibelen har fått eit forvaltaransvar. Partiet Dei Kristne meiner difor det er ei gudgitt oppgåve å forvalte kloden og dei, ressursane som fins her på en langsiktig og god måte.

## 5. SØNDAGSTENGDE BUTIKKAR

Høgtid og helg er viktige område innan vår norske kultur. I vår travle tid er det enda viktigare å gjere som vår skapande Gud: Ta fri ein dag i veka! Halde søndagen heilag! Difor vil Partiet Dei Kristne arbeide for at alle butikkar vert stengde på søndagar.

## 6. OMSORG FRÅ MORSLIV TIL NATURLEG DØD

For Partiet Dei Kristne er det heilag å verne om alt liv frå barn i mors liv til ein naturleg død. Difor vil me i praktisk politikk være med å leggje til rette for hjelp til gravide, funksjonshemma, sjuke, eldre, våre nye landsmenn og andre som treng det. Innan rusomsorga vil me tilrå

Den tusen år lange forankringa i kristendomen, har løfta nasjonen fram.  
"Du sende Ditt Ord til Noregs fjell, og ljøs yver landet strøymde."

KOMMUNEVAL  
2015

at dei som ynskjer det får behandling på Evangeliesenteret eller andre kristne organisasjonar, for varig hjelp.

### 7. LIVSKRAFTIG KOMMUNESENTER

Partiet Dei Kristne vil arbeide for ei vidare utvikling av *Aksdal som kommune- og regionsenter*. Det hastar blant anna med å få vedtak om kor det nye Aksdal Senter skal lokaliserast, slik at vare- og tenestetilbodet kan aukast.

### 8. LEVANDE BYGDER

Parallelt med dette går me inn for vekst og utvikling i bygder og grender. Difor vil me arbeide for ein *desentralisert skulestruktur*, som gir nære, trygge og gode oppvekstvilkår for barna og dei unge, samt *vitaliserande arbeidsplassar*. I dei tilfella der kommunen eventuelt ikkje ser seg i stand til å drive skule, vil me arbeide for at det blir *lagt til rette for andre aktørar å drive privatskule*. Det same gjeld for barnehagar. Bygder i utvikling treng *bustadtomter*, slik at dei unge kan bli verande. Partiet Dei Kristne vil arbeide for at det blir lagt til rette for bustadbygging på uproduktivt areal rundt om i heile Tysvær.

### 9. LANDBRUK ER VIKTIG BEREDSKAP

Bøndene må få trygge og langsiktige rammer for gardsdrifta og ikkje utsetjast for detaljregulerande hindringar. Partiet Dei Kristne meiner det er naudsynt for beredskapen i Noreg at landbruket i størst mogleg grad gjer oss sjølvforsynte, samt syrgjer for beredskap og lager.

### 10. KOMMUNESAMANSLÅING

Partiet Dei Kristne har landsmøtevedtak på at fylkeskommunen skal fjernast. Ein naturleg følgje av dette er at me treng større og meir robuste kommuneiningar. Partiet Dei Kristne støtter difor alle krefter som med eit ope sinn går inn for å utgreie fleire alternativ for nye storkommunar.

### 11. AVBYRÅKRATISERING OG EFFEKTIVISERING

Partiet Dei Kristne vil være med og leggje til rette for at Tysvær kommune driv sitt omfattande tenestetilbod enda meir effektivt. Ressursar er det også å spare ved å gi tysværbuen mest mogleg personleg fridom og ansvar til å råde over bustad og annan eigedom. Der det er søknadsplikt må sakshandsamingstida kortast ned til 3-4 veker.



**PARTIET DEI KRISTNE TYSVÆR**

Fridom og tryggleik for alle

KOMMUNEVAL  
2015

# DI SJEKKLISTE

## Er Dei Kristne partiet for deg?



### 14 kryss

Det var berre tretten ruter.  
Kor sette du det siste krysset?

### 13 kryss

Du sit nok i  
program komiteen

### 11-12 kryss

Me set deg opp  
som ordførarkandidat!

### 7-10 kryss

Du er ein kjerneveljar!  
Diplom på veg i posten!

### 4-6 kryss

Du kan trygt stemma på  
Partiet Dei i Kristne i 2015!

### 1-3 kryss

Nok tilein date. Les meir på:  
[www.dekristne.no](http://www.dekristne.no)

### 0 kryss

Vil du låne ein penn?

Kryss av der du er samd og sjekk din score!

Livet bør vernast frå fosterstadiet til naturleg død

Barn skal, så langt det er mogeleg, få vekse opp med begge sine biologiske foreldre

Eldre og pleietrengjande må sjølve få velje kvar dei vil ta imot den hjelpa dei treng

Staten skal være samfunnet sin tenar, ikkje herre

Dei som hjelper dei aller svakaste blant oss må få gode og stabile tilhøve

Vegnettet i Noreg bør byggjast utan bruk av bompengar

Skulen må ha eit sterkt fokus på kunnskap og formidling av dei verdiane samfunnet er tufta på

Politiske vedtak bør fattast nærast mogeleg dei det gjeld

Delar av oljeformua bør brukast til investeringar i kunnskap og infrastruktur med tanke på framtida

Norsk næringsliv må bli uavhengig av oljenæringa

Det må bli enklare, billegare og raskare å få saker gjennom offentleg forvaltning

Familiar bør ha størst mogeleg fridom til å velje korleis dei vil organisere seg

Noreg må ta vare på matjorda, og leggje til rette for levande landbruk over heile landet

Partiet Dei Kristne Tysvær, Buhaugvn. 26, 5570 Aksdal. Mobil. 99009215,

E-post: [pdktyssver@haugnett.no](mailto:pdktyssver@haugnett.no)

Informasjon: Facebook / de kristne. Twitter @de kristne. [www.dekristne.no](http://www.dekristne.no)